



HUBROFJØR: Den store fjøra er 27 cm lang.

Hubroen har funne sin fangstplass

RADØY: - På stien aust for Mjåvatne har ein hubro vore og fangsta to dagar no. Siste dagen har den måtta fella ei stor og ei lita fjør. Fuglen har site på ei grein i furua rett over, viser både funn av fjør og lort, seier Ragnar Floen. Han seier han skjønar kvifor den misser fjør når den jakta på mår, som har hatt yngelplass ca 20 meter frå fangstplassen i treet. I dag var det ein revelort der, den kjende nokk blodluka frå fangsta til Hubroen og ville sjekke, det høvde sikkert å legge ein markerings lort for å vise at dette er reven sitt matfat hubroen har forsynt seg av.

Vinnarlukke på Hjelmås

LINDÅS: Ei kvinne frå Hjelmås har vunne 10.000 kroner i Returkartonglotteriet! Ho har skylt, bretta og stappa drikkekartongar i fleire år, og no har ho fått løn for strevet. I fjor var det ein heldig familie frå Hjelmås som vann 10.000 kroner i same lotteriet. Namnet til kvinna stod på kartongen som vart trekt ut som vinnar i haugen av andre kartongkubbar hjå NGIR.

Svensk smil på Sletta

RADØY: Med fast jobb som hjelpepleiar i bagsjen sette svenske Fredrik Svensson kursen mot Radøy. No er emigranten også blitt omvisar på Utvandringssenteret.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

- Nordmenn og svenskar har mykje utvandringshistorie til felles. Vi slo oss ofte ned same stad i Amerika, fortel Fredrik Svensson.

Sjølv kom han til Norge og Radøy for eitt år sidan. Han trivst svært godt på den grønne øya.

- Med fast jobb og forventningar om eit betre liv gjorde at eg tok sjansen på å dra, fortel 47-åringen, trivst godt i jobben som hjelpepleiar.

Harry-tur

Fredrik Svensson har fått det fint på Radøy.

- Nordmenn har det betre økonomisk enn vi svenskar. No forstår eg kvifor så mange nordmenn reiser på harrytur til Sverige. Eg kan jo vera litt «konge» sjølv når eg reiser heim på besøk, seier Fredrik Svensson, som legg til at han neppe kjem til å flytta tilbake til Sverige.

Midt i blinken

Heime i Sverige har han tidlegare jobba som lærar. No får Fredrik Svensson bruka sine pedagogiske evner til å formidla utvandringshistorie på Sletta. Det er midt i blinken for ein som er interessert i historie, geografi og språk.

Har det «jettebra» på den grønne øya

- Veldig kult. Eg lærer heile tida noko nytt.

Han elsker naturen, som han ny i store dosar heime på Aske-land.

- Her får eg plass og luft. Og alt virkar så reint her i landet, seier han.

Fredrik Svensson kjenner seg svensk i sjela. Han har sansen for nordmennene, men generelt kunne han tenkt seg eit høgare servicenivå.

Ein smule bortskjemde

- Svenskane er betre på service, og kanskje det er difor det er så mange svenskar på norske hotell og restaurantar. Nordmennene er nok blitt litt bortskjemde og bekveme på grunn av olja. Svenskane har hatt større behov for å vera kreative for å skaffa seg eit levebrød.

Dramatisk avgjerd

Fredrik er mektig imponert over senteret som er bygt opp på Sletta, og kyrkja og dei andre bygningane som er flytta hit frå det norske Amerika.

Sjølv utvandra han med hjelp av tre bensinfyllingar på bilen. Han tenkjer på dei som gjerne måtte selja det meste dei eigde og la ut på ei strabasios og lang reiser, utan å vita korleis det nye livet skulle bli.

- Eg brukte tre bensinfyllingar på mi utvandring, og kan utan problem venda tilbake, filosoferer Svensson.



SVENSK PÅ RADØY: Fredrik Svensson jobbar til dagleg som hjelpepleiar i Radøy. På fritida er han også guide på Utvandringssenteret. - det er godt å vera svensk i Norge, seier Svensson. Her er han i aksjon under Utvandringfestivalen i helga.

Språkkule?

Mange amerikanarar med norske røter er opptatt av å finna ut mest mogleg om sine forferdrar og kvar dei budde.


- Dei er stolte av opphavet sitt. Mange av dei er også veldig inter-

esserte i å læra seg norsk. Kanskje ein språkkule på Sletta kunne vore noko, seier Svensson.

Hit kjem det også mange nordmenn som vil vita meir om si eiga historie.

- Veldig mange har jo slekt-

ningar som utvandra, og då er utvandrar-registeret i kyrkjekjellaren ein plass å leita fram informasjon, seier den svenske guiden på Utvandringssenteret.



Besøk Knarvik Senter og bli med i trekninga av flotte premiar for kr 60.000,-

Sjå vår sommar-DM med mange gode sommartilbud! Fyll ut og lever inn kupongen du finn her og du er med i trekninga av mange flotte premiar! Hovudpremien er ein Hobby 420 Classic.

Trekning i senteret mandag 18. og 25. juli og 1. august. Hovudpremien trekkast 1. august.



KNARVIK SENTER